

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 1.2.2019
Stad: Gol, Gol kommunehus

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Sigrid Simensen Ilsøy, Hol kommune
Solveig Vestenfor, Ål kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Tore Haraldset, Nes kommune
Tor Egil Buøen, Flå kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:

Iselin Haugo, fylkeskontakt

Desse møtte frå rådmannsutvalet

Ole Johnny Stavn, Hol kommune
Tone Tveito Eidnes, Ål kommune
Hege Mørk, Gol kommune
Jan Olav Helling, Hemsedal kommune
Ole Jørgen Hallingstad, Nes kommune
Odd Egil Stavn, Flå kommune

SAK 01/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 30.11.2018

Vedtak

Protokollen 30.11.2018 er godkjent.

SAK 02/19 KULTURTRADISJONAR, SPRÅK OG STYRKING AV DIALEKTBRUK

I saka møtte Jon Opsahl Hol, kommune, Hilde L Bjørnsvik og Eldgrim Springgard, Ål kommune, Mads Elbrønd, Gol kommune, Gunn Berit Mythe Nergård og Marit Huso, Hemsedal kommune, Hanne Brunborg, Nes kommune, Ingar Arnøy, Noregs Mållag, Tori Snerte og Martin Myhr.

Som innleiing til dialog presenterte dei einiskilde kommunane aktuelle tiltak og planar som var relevante i forhold til tema. Ingar Arnøy, Tori Snerte og Martin Myhr følgde opp med synspunkt og konkrete innspel. Med bakgrunn i påfølgjande dialog var det gjort konkrete vedtak.

Vedtak

1. «Kulturarv Hallingdal»
 - a. Regionrådet for Hallingdal i nært samarbeid med kommunane i Hallingdal har som målsetting å gjennomføre prosjektet "Kulturarv Hallingdal" i perioden 1. juli 2019 til 1.juli 2022.

- b. Regionrådet i Hallingdal vil i samarbeid med kommunane utarbeide prosjektplan og søkje kulturdepartementet om støtte til prosjekt «Kulturarv Hallingdal», søknadsfrist 1.mars 2019. Regionrådet vil i tillegg arbeide med annan type finansiering til prosjektet.
 - c. Det blir etablert ei styringsgruppe/prosjektgruppe, med følgjande deltakarar:
 - Solveig Vestenfor, Regionrådet for Hallingdal
 - Heidi Granli, Regionrådet for Hallingdal
 - Tori Snerte, rep. for dialektmiljø
 - Martin Myhr , rep. for dansemiljø
 - Jon Opsahl Sletto, rep. for kultur
 - Eldgrim Springgard, rep. for oppvekst
 - Nils Røkkum, rep. for oppvekst
 - Representant for Hallingdal Museum
2. Regionrådet for Hallingdal ber rådmannsutvalet om å utarbeide ein finansieringsmodell for kulturarvtilbod som dans, song og musikk, der deltakarar frå alle kommunane i Hallingdal er invitert.
3. Dialektleir
- a. Regionrådet for Hallingdal oppmodar alle kommunane til å støtte initiativet "Regional Dialektleir" 2019.
 - b. Regionrådet oppmodar rådmannsutvalet om at det blir sett ned ei arbeidsgruppe som ser på vidareutvikling av dialektleiren til også å omfatte andre kulturarvtilbod som dans, song og musikk etter 2019.

SAK 03/19 BARNEHUS

Saka vart utsett i påvente av nærare avklaringar.

SAK 04/19 HALLINGDAL - VIKEN

Det vart ikkje tid til grundige drøfting av planar for eit distriktskontor i Hallingdal, i høve til Viken fylkeskommune. Saka med endeleg grunnlagsdokument blir sak på møte i Regionrådet 22.2.2019.

SAK 05/19 VELFERDSTEKNOLOGI, STATUS HALLINGDAL

Odd Egil Stavn og Hamša Ganić (prosjektleder velferdsteknologi i Hallingdal) orienterte om velferdsteknologiprojektet for kommunane i Hallingdal (vedlagt presentasjon).

Det vart orientert generelt om tenesteinnovasjon, prosjektet så langt, «pilot» og felles kjøp av velferdsteknologi.

SAK 06/19 KOMMUNAL FIBER, FRAMTIDIG EIGARSKAP

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingdal kraftnett og Hemsedal energi overtek kommunalt eigd fiber i Hallingdal.
2. Det bør nyttast felles einingspris for overtaking av fiber i dei einskilte kommunane.

SAK 07/19 TILTAK FOR Å BETRE KOMMUNIKASJON OG INFORMASJON TIL KOMMUNANE

Vedtak

For å betre kommunikasjon og informasjon mellom regionrådet og kommunane bli følgjande tiltak gjennomført:

1. Regionrådet for Hallingdal sender sakliste og saker (lenke på heimeside) som gruppesending til den enkelte kommunestyremedlem i den einsskilte kommune i Hallingdal, samstundes som det blir sendt til regionrådet.
2. Det blir laga ei eigen fane under Regionrådet si heimeside for informasjon.
3. Det blir lagt til rette for årleg informasjon til dei einsskilte kommunestyra, om regionrådet sitt arbeid, i samband med at årsmeldinga til Regionrådet er til orientering.
4. Ordførarar og rådmenn har ansvar for jamleg informasjon til formannskap/kommunestyre og sine leiargrupper.
5. Det skal etablerast rutinar for sterkare involvering i høve til prosess Strategisk plan og arbeid med handlingsprogram, i forhold til administrasjonen i kommunane.
6. Dagleg leiar i Regionrådet møter i enkelte møter i rådmannsutvalet etter ein nærare plan.

SAK 08/19 SØKNAD OM TILSKOT TIL TRYKKING AV BOK «FRÅ SOSIAL BYGDEOPPOSISJON TIL SOSIALDEMOKRATISK ARBEIDARRØRØRSLE»

Vedtak

1. Regionrådet løyver kr. 55.000 til bokprosjektet «Frå sosial bygdeopposisjon til sosialdemokratisk arbeidarrørsle». Midlane blir løyvd frå disposisjonsfondet.
2. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til støttekjøp av boka.

SAK 09/19 UTTALE, PLANPROGRAM REGIONAL PLAN FOR LOKALISERING AV TØMMERHAMN

Uttale

På nasjonalt nivå arbeides det iherdig for å omstille norsk økonomi og næringsliv i en mer bærekraftig retning. Vi mener det er avgjørende for skognæringen i vårt fylke at:

- Bolig- og næringsinteresser balanseres på en slik måte at kystkommunene får utviklet viktige områder samtidig som innlandskommunenes interesser for omsetning av tømmer i varetas langs Drammensfjorden.
- Det ved valg av lokalitet tas særlig hensyn til kortest mulig transport fra hogstområdene til havn, samt mulighet for jernbanetilknypning.
- Lokaliteter langs Drammensfjorden, som Lierstranda, utredes grundig. Det er for tidlig å avskrive dette alternativet.
- Det i løpet av denne prosessen konkluderes med lokalitet for tømmerhavn ved Drammensfjorden.

Drammensfjorden viktig for skogvirke

I Drammensfjorden har det vært skiping av tømmer og trelast over havn i over 500 år. Buskerud fylke er et skogsvirkefylke med om lag 10 prosent av landets produktive skogareal. Hvert år hogges det rundt 1 million kubikkmeter tømmer for salg i Buskerud, og skogvirke er for mange som bor i distriktene en viktig del av livsgrunnlaget. Landbruksdepartementet pekte i 2018 på et verdiskapingspotensial i norsk tømmer på 35-45 milliarder kroner. Landbruksdepartementet viste til at satsingen på infrastruktur, deriblant tømmerkaier, er helt

avgjørende for å styrke skognæringens konkurransevne. Uten slike tømmerhavner blir det umulig å frakte tømmeret ut til markedene på en kostnadseffektiv måte.

Skognæringens tilgang til nasjonale og internasjonale markeder er avgjørende for å sikre verdiskapning og arbeidsplasser i distriktene. Skognæringen er en fremtidsnæring med økt utnyttelsespotensial. Anslag viser at vi i dag kun utnytter halvparten av skogveksten i våre skoger. Muligheten for økt verdiskapning og etablering av nye arbeidsplasser er med andre ord stor.

Samtidig er skognæringen en viktig del av sirkulærøkonomien og en sterk bidragsyter i arbeidet med å redusere klimagassutslipp.

Rom for både næring og bolig

Lierstranda tømmerhavn er Norges største tømmerhavn, og helt sentral for skognæringen i Buskerud, Vestfold, Akershus og deler av Oppland.

Det må være mulig å finne løsninger både for utvikling av bolig- og næringsinteresser og for skognæringen ved Drammensfjorden. Økt skogbruk og bruk av tømmer er et viktig virkemiddel for å nå nasjonale og internasjonale klimamål, og det vil bli avgjørende at fossilt råstoff erstattes med fornybare løsninger. Gjennom å legge til rette for en lønnsom og bærekraftig skognæring kan bioøkonomien og skogsbaserte produkter erstatte fossilt råstoff i alt fra drivstoff til plast og byggematerialer.

Tømmer må på sjøen

En tømmerhavn sikrer at tømmer kan kjøpes og selges. En slik kai er derfor avgjørende for at tømmer fra vår region oppnår markedsmessig god pris. Tømmer er tungt og avstanden tømmeret må transporteres før det kommer på skip utgjør en betydelig andel av tømmerets kostnad. Transport på sjøen er derfor helt vesentlig for konkurransedyktigheten. I tillegg er det viktig å kunne knytte seg på jernbanenettet, fordi det både reduserer sårbarheten i infrastrukturen og gjør det mulig å dempe kostnadene.

Skognæringen har behov for havn for utskipning av tømmer til avtakere i inn og utland. En god løsning for ny tømmerhavn vil gi forutsigbarhet for store investeringer i ny og grønn industri, og den vil gi skognæringen trygghet for god tilgang til markeder på en måte som sikrer utvikling av en konkurransedyktig verdikjede for hele Østlandet.

Vi ber om at det videre arbeidet med regional plan for lokalisering av tømmerhavn blir gjort i samarbeid og dialog med skognæringen, for å finne gode løsninger for både bolig- og næringsutvikling. Videre ber vi om at interessene til både kyst- og innlandskommunene ivaretas.

SAK 10/19 EVENTUELT

Politikontakt

I saka møtte Ole-Reidar Lågrinn, SLT-koordinator i Hallingdal

På sist møte i Rådet for SLT-Hallingdal vart politikontakt i Hallingdal drøfta.

«Rådet for SLT-Hallingdal drøftet den nåværende ordningen med to politikontakter i 100% stilling fordelt på de 6 kommunene våre. Politikontaktene med de to tidligere lensmennene Geir Vidme og Torstein Seim, er en ordning som kommunene er svært fornøyd med.

På bakgrunn av at begge politikontaktene nærmer seg pensjonsalder, har medlemmene bedt leder for rådet, Tor Egil Buøen, om å ta denne problemstillingen til Regionrådet.

Rådet medlemmer ønsker at Regionrådet lager en sak, der det settes fokus på at politikontaktene videreføres i kommunene, slik ordningen er i dag, med to 100 % stillinger. Dersom dette skulle vise seg vanskelig på grunn av politiets budsjettsituasjon, må det stilles krav om minimum en 100% stilling, for at tjenesten skal kunne fungere på en midlertidig

tilfredsstillende måte, frem til at økonomien bedrer seg hos politiet, og man kan få tilbake begge stillingene. Det vil også være av største betydning at politiet sørger for at de eller den som skal overta etter dagens politikontakter er på plass i god tid før de andre avslutter, så tjenestene videreføres uten opphold.»

Med bakgrunn i Rådet for SLT-Hallingdal sine drøftingar og vidare drøftingar i regionrådet var det semje om å følgje opp saka vidare.

Vedtak

Dagleg leiar lagar utkast til brev til Sør-Øst politidistrikt ved politimeister og Justis- og beredskapsdepartementet ved Justis- og innvandringsminister, for å få avklaring på framtidig satsing og organisering av politikontakt i Hallingdal.

Hallingdal 7.2.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon Sak 05/19, velferdsteknologi, status Hallingdal